

Referat frå møte i Strandebarm sokneråd

Møte 6/2023

Stad: Strandebarm kyrkjelydshus

Tid: Torsdag 17. august 2023 kl. 1800

Møtte:

Kåre Milje, Åse Sandnes Fosse, Anne Marie Bogetveit Berge, Bodil Stranden, Torunn Baldersheim, sokneprest Vetle Karlsen Eide, Olav Tombre

Varamedlemmer: Lillian Hjartåker Fosse, Siv Ljones

Forfall: Anne-Kristin Torsnes Fosse, Arne Gjerstad, Inger Ljones Måkestad, Lina Chandrike Berge, Alvhild Tveitnes

Sakliste:

Ord for dagen v/ Vetle

Det var ingen merknader til innkalling, og referatet frå møte 5 den 9. mai.

Saker:

Sak 31/23 Orienteringar frå sokn og fellestråd

Olav orienterte om stoda ved kyrkjekontoret, etter at kyrkjevevje hadde sagt opp stillinga og Olav Skeie Lid har gått førebels inn i stillinga fram til sommaren 2024. Dette gjev Fellestrådet tid til utlysing og ein god prosess med å finna ny kyrkjevevje. Fung. kyrkjevevje hatt fått fullmakt frå Fellestrådet til å setja i gang ein prosess for skifte av rekneskapsbyrå og revisor.

Det vart i vår avdekka mykje rot i samband med økonomi og rekneskap for 2022, og eit større underskot som Fellestrådet dreg med seg framover. Arbeidsmiljøet ved kontoret har betra seg monaleg sidan i vår, og er no godt.

Strandebarm kyrkje har fått ei bevilling på kr. 1,5 millionar frå Riksantikvaren som tilskot til reparasjon av kyrkjetaket. Det vil verta gjort takvøla på Strandebarm kyrkje i 2024 Det er Kvam herad som vil leia arbeidet. Ein kjenner ikkje totalkostnaden for arbeidet enno.

Sak 32/23 Soknerådsvalet 2023

Kyrkjevalet finn stad på Strandebarm skule saman med kommunevalet den 11. september frå kl. 1000 til 2000.

Arbeidsutvalet i SR tek eit møte mandag 21. august kl 1700. Her vil dei endelege gjeremål og vaktlister for valdagen verta sett opp. Alle i soknerådet må pårekna å verta tildelt oppgåver.

Sak 33/23 Konfirmantjubileum søndag 3. september 2023 kl. 1100

Siv set opp arbeidsliste for jubileet.

Bodil tek ansvaret for å skaffa kaker. Barmen A/S vil laga middagen. Olav leiar festen. Det er no 19 påmelde til festen.

Sak 34/23 Ymse

Organist Ulf Krupka ber om samtykke til å kontakta orgelbyggjar Bruger i Bergen for å få han til å lage ei mogleg oppdeling av arbeidet med å restaurere orgelet i kyrkja. Dette vil medføra kostnader.

Soknerådet ber leiar om å avklara omlag kor stor denne kostnaden er før soknerådet tek ei avgjerd.

Neste møte i soknerådet:

Tysdag 26. september kl. 1800

Torsdag 2. november kl. 1800 (Fellesmøte mellom det gamle og det nye soknerådet)

Det nye soknerådet vert presentert for kyrkjelyden under gudstenesta 12. november kl. 1700.

Olav

Ref.